

# Nye naturtypedata og vidare naturtypekartlegging

Nå har vi fått oppdatert naturtypedata på land på Temakart-Rogaland. Det inkluderer data kartlagt fram til hausten 2012, det meste av Biofokus og Ecofact. Det er i hovudsak tilleggs- og nykartlegging i kommunar det ein stor del av kartlegginga var over 10 år gammal og ikkje tilfredsstilte dagens kvalitetskrav. Det meste gjeld kommunane Sandnes (Biofokus og Ecofact), Randaberg (Biofokus), Hjelmeland (Biofokus), Forsand (Biofokus) og Lund (Ecofact). Rogaland fylkeskommune og dei tre førstnemnte kommunane har gitt tilskot til kartlegginga som elles er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning (nå Miljødirektoratet). **Meld frå om de ser feil eller manglar i datasettet!**

Når det gjeld marin naturtypekartlegging, er det kartlagt datasett for ålegrasenger, blautbotn og oppvekstområde for torsk som vi håpar blir tilgjengelege i Naturbase og Temakart Rogaland innan 3-4 månader.

[Naturtypar på Temakart-Rogaland](#)

[Naturtypar på Temakart-Rogaland](#)

## Nedlasting

Heile datasettet, fylke eller kommune: Bruk Naturbase (under). Nedlasting frå markert område: [Temakart-Rogaland-Hjelpedokument s11.2 s 36](#)

Kartpersonell kan finna det dei treng for å henta inn WMS-data [her](#): Sjå og [Temakart-Rogaland-Hjelpedokument 11.3, s 37](#)

Nedlasting, [Naturtypar i Naturbase](#)

Det er også lagt inn nye [skrå flybilete frå Dalane og Jæren](#)

Naturtypekartlegginga for 2013 blir levert frå konsulentane i mars og blir så kvalitetssikra hos fylkesmannen så fort vi rekk og i Miljødirektoratet.

## Naturtypekartlegging i 2014

Vi i veit ikkje kor store dei statlege tilskotsmidlane blir, men planlegg ut frå eit liknande nivå som i 2013. Det vil då vera viktig med **kommunal delfinansiering**, særleg frå kommunar med mange område kartlagt før 2006. Dette gjeld ein del på Haugalandet, særleg i Haugesund, i sørfylket m.a. Klepp. Det er og ein del spørsmål frå landbrukskontor og brukarar om område kvalifiserer for tilskot i Regionalt miljøprogram, dette er sjansen til å få vurdert slike areal. **Meld inn område som treng kartlegging.**